

# MODALEN KOMMUNE



## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO)

### § 1 Grunnlaget for SFO.

Vedtektene for SFO i Modalen kommune baserer seg på opplæringslova § 13-7.

**«Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.**

**Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet».**

I tillegg baserer drifta av SFO seg på kapittel 23 i Forskrift til opplæringslova.

### § 2 Eigiarforhold og styre.

- a) Modalen kommune står som eigar og driv SFO.
- b) Kommunestyret godkjenner vedtektene.
- c) Samarbeidsutvalet ved Mo skule er styre for SFO. Leiar for SFO og ein foreldrerepresentant vald av foreldremøte i SFO / 1.-4.klasse har møte- og røysterett i samarbeidsutvalet i saker som vedkjem SFO. Døme på slike saker ken vera endring av vedtekter og tilbod og fastsetjing av skulerute for skule og SFO.

### §3 Opptak.

- a) Leiar for SFO innstiller
- b) Rektor har opptaksmynde i SFO.
- c) Formannskapet er klageinstans.

### §4 Opptakskriterier.

- a) SFO er eit tilbod til elevar i 1.-4.klasse. Elevar i 5.-7.klasse med særskilde behov kan òg ha rett til plass i SFO.
- b) Elevar i 1.-4.klasse får tilbod om gratis SFO-plass i skuletida dei dagane dei er tidleg ferdig med undervisning.
- c) Søknad om plass foregår slik:

- Foreldre/føresette søker på fastsett skjema som ligg på Modalen kommune si heimeside.
- Søknaden vert sendt til Mo skule
- Leiar for SFO set opp oversyn over søkerane og lager innstilling.
- Rektor gjer opptaket. Dette bør vera gjennomført innan 1.mai.
- Hovudopptaket vert gjort for perioden som føl skuleåret.
- Dersom det er ledige plassar kan søkerar verta teke opp i løpet av skuleåret.
- Det skal gjevast skriftleg melding innan 3 veker om ein tek imot plassen. Dersom skulen ikkje får melding innan fristen, kan ein mista plassen.

#### **§5 Klage på opptak.**

- a) Formannskapet er klageinstans for opptak.
- b) Klagefrist er 3 veker etter at ein har motteke melding om opptak.

#### **§6 Oppseiing av plass i SFO**

- a) Frist for å seia opp plassen er den 1. i kvar månad
- b) Oppseiinga skal skje skriftleg. Oppseiingstida er 1 mnd frå skriftleg melding er motteke.

#### **§ 7 Foreldrebetaling.**

- a) Kommunestyret fastset foreldrebetalinga.
- b) Kommunen ved kommunekasserar står for innkrevjinga.
- c) Ein betaler for 10 ½ månad (juli og fyrste halvdel av august er betalingsfri). Dersom ein nyttar SFO i denne tida betaler ein etter punkt e).
- d) Søskenmoderasjon vert gjeve med 20% frå born nr to.
- e) Når ein nyttar SFO i skulen sine feriar, vert betalinga rekna pr time etter påmelding.
- f) Ved ledige plassar kan ein gje barn dagopphald ved spesielle høve. Betalinga vert rekna pr time opphaldet varer.

#### **§ 8 Leike- og opphaldsareal.**

- a) SFO nyttar lokale og uteområda til skulen.
- b) SFO har fast base på Mo skule.
- c) Skulen og SFO finn tenlege løysingar på sambruk av hjelpemiddel, materiell og utstyr.

#### **§ 9 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid.**

- a) Dagleg opningstid kl 07.30-16.30 den tida barnet ikkje er på skulen.
- b) Etter avtale kan born starta SFO i barnehagen kl 07.00, og nytta skulebussen ned til skulen om morgonen.
- c) SFO gjer tilbod som fylgjer skuleåret. SFO har stengt på 5 av skulen sine planleggingsdagar slik det går fram av den årlege skuleruta. SFO er òg stengt på julafta og nyttårsafta.

- d) Borna skal ha ferie 4 veker kvart år. Minst 3 av desse skal takast samanhengande i samband med sommarferien.
- e) SFO held feriestengt i veke 29.

#### **§ 10 Organisering.**

- a) Skulefritidsordninga er lokalisert ved og skal tilretteleggjast som ein integrert del av verksemda Mo skule.
- b) Rektor har det overordna pedagogiske og administrative ansvaret.
- c) Til ei kvar tid er det tilsett ein dagleg leiar for SFO.
- d) Det skal alltid vera minst 1 vaksen tilstades når skulefritidsordninga er open. Dersom fleire enn 12 elevar nyttar tilbødet samstundes skal det vera 2 vaksne tilstades.
- e) Dersom SFO har born med spesielle behov skal ekstra bemanning vurderast.
- f) Skulefrie dagar og feriar samkøyrer SFO og barnehage ved behov.
- g) Det skal vera ein forpliktande samarbeidsavtale mellom Mo skule, SFO og Modalen barnehage som ivaretek felles bruk av personale, lokale og utstyr.

#### **§ 11 Brukarmedverknad.**

Det skal haldast to foreldremøte årleg, eitt hausthalvåret og eitt vårhalvåret. Dette kan samkøyrast med foreldremøte for 1.-4.klasse. Foreldremøtet skal velja representant til Fau og samarbeidsutvalet, jfr §2 pkt. d)

#### **§ 12 Teieplikt.**

Dei tilsette i SFO er bunde av teieplikt etter forvaltningslova § 13.

#### **§ 13 Politiattest.**

Personale i skulefritidsordninga lyt leggja fram politiattest for arbeid med born ved tilsetjing.

#### **§ 14 Forsikring.**

Borna er dekkja av den kommunale forsikringsordninga i opphaldstida.

#### **§ 15 Intern-kontroll.**

SFO følgjer kommunen sitt internkontroll-system som ein del av skulen og barnehagen sin drift.

Vedtektene er vedteke i møte i samarbeidsutvalet 05.01.2017